



HS.D001.R1	BEREDSKAPSPLAN - BIL	Tone Stavland	16.02.2011
		Godkjent av HS	23.03.2011

Bremnes Idrettslag

Beredskapsplan ved alvorleg hending.

Planen skal oppdaterast årleg.

Innleiing

Beredskapsgruppa skal varslast ved alle alvorlege hendingar og ved alvorleg ulykke.

Definisjonar

Ei alvorleg hending vert definert som:

- 1 Hending som vil ha konsekvensar for fleire medlemmar og/ eller tilsette.
- 2 Hending som kan få strafferettslege følgjer, der politiet er eller kan reknast å bli, koplå inn.
- 3 Hending som fører til, eller kan føra til, særskilt merksemd frå pårørande/ media/ offentlege instansar.

Ei alvorlig ulykke vert definert som:

- 1 Hending med ein eller fleire alvorleg skadde (fysisk og/ eller psykisk) som fører til sjukehusinnlegging.
- 2 Dødsfall grunna forhold som har tilknytning til, eller i samanheng med trening, konkurranse /arrangement i regi av Bremnes Idrettslag.

Det er betre at gruppa vert varsla for ofte, enn for sjeldan. Då kan gruppa sjølv vurdere ved kvart høve om dei skal møtast, eller om dei berre skal haldast vidare informerte om hendinga.



HS.D001.R1	BEREDSKAPSPLAN - BIL	Tone Stavland	16.02.2011
		Godkjent av HS	23.03.2011

Beredskapsgruppe

Beredskapsgruppa består til ei kvar tid av:

Nr	Funksjon	Kven
1	Beredskapsleiar	Leiar av hovudstyret (HS)
2	Beredskapsmedlem 1	Avdelingsleiar i den avdelinga den alvorlege hendinga, ulykka eller skaden har skjedd.
3	Beredskapsmedlem 2	Dagleg leiar

Stedfortreder (Vert alltid kalla inn. Fungerar som støttefunksjon dersom alle møter)

Nr	Funksjon	Kven
1	Beredskapsleiar	Nestleiar HS
2	Beredskapsmedlem 1	Nestleiar i den avdelinga den alvorlege hendinga/ulykka har oppstått
3	Beredskapsmedlem 2	Adm. Leiar Fotball

Kunnskap om hending/ ulykke

Mottakar av melding om hending/ ulykke må bringa på det reine:

KVA har skjedd

KVEN er involvert

KVAR har hendinga/ ulykka skjedd

KVA TID skjedde hendinga/ ulykka

Den i beredskapsgruppa som først mottok melding om hendinga/ ulykka, melder snarast frå til resten av beredskapsgruppa. Den same personen avgjer aleine, eller i samråd med andre av hovudmedlemmane i beredskapsgruppa, om gruppa skal samlast.



HS.D001.R1	BEREDSKAPSPLAN - BIL	Tone Stavland	16.02.2011
		Godkjent av HS	23.03.2011

Beredskapsgruppe

Ved ei alvorleg hending/ ulykke vil det være naudsynt for hovudstyret å få ei fullgod skildring av situasjonen. For å gjennomføra dei tiltak som hovudstyret finn naudsynte, er det utarbeidd ei oversikt som identifiserar oppgåver og fordelar desse slik:

Oppgåver

Opning og betjening av klubbkontor, telefon og pc
Organisering av arbeidsoppgåvene
Oppsøkje ulykkestaden
Kontakte politi/brannvesen
Kontakt med media
Kontakt med Kommunal Kriseleiing (KKL), rådmann/ordførar
Kontakt med sjukehus/ lege
Kontakt med psykiatri

Kontakt med pårørende
Informasjon til pårørende

Kontakt med andre avdelingsleiarar
Informasjon til klubbens medlemmar
Informasjon til idrettskrets/ idrettsråd
Informasjon til skular

Ansvar

Først beredskapsmedlem som kjem til staden.
Beredskapsleiar
Beredskapsleiar/ Avdelingsleiar
Beredskapsleiar/ Avdelingsleiar
Beredskapsleiar
Beredskapsleiar
Avdelingsleiar
Avdelingsleiar

Avdelingsleiar
Avdelingsleiar

Dagleg leiar
Dagleg leiar
Dagleg leiar
Dagleg leiar

Når hendinga/ ulykka har oppstått

Når ei alvorleg hending/ ulykke har oppstått, kan det vera behov for at klubbkontoret må vera bemanna også utanfor ordinær kontortid. Klubbkontoret fungerer som beredskapsentral og møtestad.

Ved ei alvorleg hending/ ulykke har beredskapsleiar, eller denne sin stedfortreder, ansvar for å koordinera og yta assistanse til leiar av Politi, brannvesen, helse/ambulanse og/eller kommunal kriseleiing. Det same gjelder koordinering av informasjon til dei pårørende og andre partar som er direkte eller indirekte ramma av hendinga/ ulykka. Bremnes Idrettslag sitt telefonnummer (53 42 16 66) vert oppgjeve. Dette telefonnummeret skal nyttast for kontakt med beredskapsgruppa.

Det skal føres logg over dei aktivitetar og handlingar som vert utførte.



HS.D001.R1	BEREDSKAPSPLAN - BIL	Tone Stavland	16.02.2011
		Godkjent av HS	23.03.2011

Beredskapsgruppa for perioden Årsmøte 2015 - Årsmøte 2016

Funksjon	Namn	Mobil (Privat)
Leiar Hovudstyret	Tore Kallevåg	917 47 099
Dagleg leiar	Sigve "Jalle" Bråthen	419 35 555

Funksjon - Avdelingsleiar	Namn	Mobil
Fotball	Rune Gåsland	908 08 053
Turn	Laila S. Navikauskas	472 85 140
Handball		
Friidrett	Ann Helen Nesse Sætre	996 48 744

Funksjon - Stedfortreder	Namn	Mobil
Nestleiar Hovudstyret	Cato Esperø	901 03 145
Ad. Leiar fotball	Kjell Økland	419 34 444
Nestleiar fotball	Kari Østensen	993 86 606
Nestleiar turn	Bertha Iren Markhus	412 76 938
Nestleiar handball		
Nestleiar friidrett	Reidun Sortland	482 70 045

Informasjon til media

All kontakt med media skal skje gjennom beredskapsleiar.

Ingen andre skal uttala seg til media!

Det er politiet si oppgåve å svara på spørsmål om evt. tilstand og omkomne, namn på omkomne, omstende kring hendinga/ ulykka, årsak til hendinga/ ulykka og redningsarbeid.

Bortsett frå å uttrykka bekymring og sorg over det som har skjedd, bør ein i dei første timane etter at hendinga/ ulykka/ dødsfallet har skjedd visa media og andre eksterne til politiet.

Ved hendingar som involverar medlemmar/ tilsette er det viktig å ikkje ta eit dømande standpunkt, men støtta medlemmen /den tilsette.

Ingen er skuldige før han/ ho er dømd! (F.eks. i dopingsaker og liknande.)



HS.D001.R1	BEREDSKAPSPLAN - BIL	Tone Stavland	16.02.2011
		Godkjent av HS	23.03.2011

Oppfølgingsfasen ovafor pårørende

Denne aktiviteten skal koordinerast av leiar av aktuell avdeling.

Etter ei alvorleg hending/ ulykke er det eit stort behov for informasjon ovafor dei pårørende. Desse har erfaringsmessig eit øyeblikkeleg behov for informasjon om hendinga/ ulykkessituasjonen og hendingsforløpet.

Vær imøtekomande og gje dei pårørende all mogleg hjelp. Dersom stadfesta opplysingar føreligg, informer nøkternt om hendingsforløpet. Spekuler ikkje i årsak til hendinga/ ulykka.

Politiet har ansvar for å varsle pårørende (Direkte eller via prest) ved dødsfall.

Tilby minnesamling ved ulykkestaden.

Pårørende har ofte eit stort behov for å sjå ulykkestaden. NB!! Rydda.

Tilby støttetjeneste/ helsetjeneste.

Send blommar til pårørende med handskrive kort.

Delta i gravferd. Krans, bårbukett eller blom frå idrettslaget.

Oppfølgingsfasen overfor den skadde

Denne aktiviteten skal koordinerast av leiar av den aktuelle underavdelinga.

Besøk skadde på sjukehus.

Send blommar til dei ramma og deira familie.



HS.D001.R1	BEREDSKAPSPLAN - BIL	Tone Stavland	16.02.2011
		Godkjent av HS	23.03.2011

Oppfølgingsfasen ovafor klubbens medlemmar

Denne aktiviteten skal koordinerast av dagleg leiar.

La klubben sine deltakarar i det aktuelle arrangementet få vera saman den første tida etter hendinga/ ulykka. Legg til rette for at dei kan snakka saman om sine reaksjonar.

Informert grundig om kva som har skjedd, og om kva som vil skje framover.

Sjekk behova for særlege tiltak ut over det som det tradisjonelle hjelpeapparatet stiller opp med. Dette kan vera samtale med kvalifisert personale i forbindelse med sorg- og Krisereaksjonar, men det kan og vera å tilby lokala i klubbhuset for samlingar. Gløym ikkje at også andre enn dei som er fysisk/ psykisk skadde kan føla seg involvert i hendinga/ ulykka, og derfor trenger merksemd og eigna tiltak.

Gi relevant informasjon via klubben sine heimesider.

Via kontakt med Kommunal Kriseleing (KKL) kjem ein og i kontakt med kommunen si sorg/ krisegruppe. Denne gruppa består mellom anna av prest og psykolog. Dei kan hjelpe både klubben sine medlemmar og pårørende med informasjon om korleis ein taklar slike hendingar/ ulykker.

Intern informasjon, opplæring og vedlikehald av prosedyre

Hovudstyre og alle styrer i undergrupper skal på første styremøte etter årsmøte gå gjennom Beredskapsplanen. Dersom det oppstår hendingar som viser svakheter eller manglar ved denne planen, skal det umiddelbart gjennomførast revisjon. Framlegg til endringar skal snarast mogeleg leggast fram for Hovudstyret.

Beredskapsplanen skal vere tilgjengeleg på klubben sine heimesider i oppdatert utgåve. Dagleg leiar har ansvaret for dette.



HS.D001.R1	BEREDSKAPSPLAN - BIL	Tone Stavland	16.02.2011
		Godkjent av HS	23.03.2011

VIKTIGE TELEFONNUMMER

Brann	110
Politi	112
Sjukehus/ AMK	113
Sjukehus, Helse Fonna Stord Sjukehus	05253
Bømlo Legevakt	53 41 63 00
Bømlo Kommune, Kriseleiing	53 42 30 00
Bremnes Idrettslag, kontor	53 42 16 66

Psykiatrisk hjelp vert formidla via legepersonell eller ved sjukehuset.
Klubben har ingen særskilde avtalar med enkeltstående psykologar.